

PRØVEFISKERESULTAT - HØGEVARDETJØNN 23.07.2001

Omtale av tjønnet:

- Tjønnet ligg sør for Høgevarden og øvst i vassdraget som drenera til Bessevatn.
- Tjønnet ligg på 1359 moh. og har eit areal på 22,5 ha.
- Berggrunnen rundt tjønnet er prega av fylittbergarter. Vassprøven viser god kvalitet, men med middels evne til å motstå sur nedbør. Vatnet har lågt næringsgrunnlag.
- Tjønnet har små gytemoglegheiter.

Omtale av fisket:

- Tjønnet vart prøvefiska ein natt med 1 stk. W.Jensen prøvegarnserie. Tjønnet er sist prøvefiska med ein redusert serie i 1996.
- Samla fangst 10 fisk, største fisk 641 g, gjennomsnittvekta 409 g.
- Gjennomsnittleg K-faktor 1,03, i 1996 var snittet 1,00.
- Det har ikkje vore sett ut fisk sidan 1993.
- Minste ho gytefisk va 32 cm.
- Garnfiskereglane er 25 garndøgn med 45 mm garn og auka til 50 garndøgn frå og med 2001.
- Prøvefiskematerialet er for lite til ei analyse av lengdevekst fordelt på aldersgrupper, men truleg stammer dei store fiskane i stor grad frå dei siste utsettingane. Veksten er avtakande etter 6 års alder.

Tiltak/resultat:

- Kondisjonsfaktoren er stabil.
- Lengdeveksten viser avtakande vekst på den eldre fisken.
- Det er konstatert naturleg rekrutering og det bør ikkje setjast ut fisk førebels.
- Resultata samla tyder på noko tett stamma som i for liten grad vert beskatta. Det er førebels ikkje rapportert garnfiske i tjønnet i 2001.
- Fiskereglane bør ikkje endrast dei fyrste 3-5 åra.